

Jorda entusiasme

Astrid Brommeland slår seg ikkje til ro med gårdsdagens kunnskap og etablerte sanningar, og rådgivaren deler raust av erfaring og nettverk.

BVLiv Kristin Sola

– Du møter meg på Nesvik. Kor tidleg kan du kome? spør Astrid Brommeland. Astrid er rådgivar hjå Fylkesmannen i Rogaland og jobbar med næringsutvikling i Ryfylke, spesielt Suldal. Litt skeptisk, gjekk ho med å bli portrettert i Bondevennen – så ho gjer det på sin måte. – Me skal først innom Fuglestein, så til Jelsa og vidare til Sand og Vindafjord, seier Astrid, og set seg i førarsetet i min bil. – Nøklar?

Ho skal køyre, eg skal notere. I tre tiår, berre avkorta av to periorar i Zambia, har ho farta rundt på små og større bruk i regionen. Ho kjenner alle bøndene og kvar ein sving langs desse smale bygdevegane.

– Spannande, men planen var å skrive eit portrett om deg, prøver eg meg. – Kva er vel eg utan etablerarane mine? Astrid set auga i meg og smiler. – Dessutan er ikkje Bondevennen så titt i Ryfylke.

Eg kan ikkje nekte for det. Astrid har region. Dette blir eit annleis portrett.

Frukt skal drikkast

På Fuglestein har Jon Anders Tveit planta 53 dekar med epletre – på to år. Han

var freista å ta steg for steg, men Astrid oppmoda til å gi gass.

– Ho hadde ikkje bremsar. Eg vart så gira at eg sprang rett him og planta, seier bonden.

Han fekk leveringsavtale og maks utteining på tilskot til investering og produksjon.

– Ei genial satsing, heilt på rett tid, seier Astrid.

Lenge før epletree er i full produksjon er bonden i gang med neste prosjekt.

– Frukt skal drikkast, flirer bonden, og kjem med to flasker sider.

Smarte, løgne idear

– Det fantastiske kulturlandskapet gir meg frysingar på ryggen, seier Astrid, då me kjem til Knut og Astrid Landsnes.

Tre generasjonar Landsnes satsar på villsau, foredling i eige lokale og direkte sal frå garden.

– Kvifor villsau?

Knut Landsnes smiler lurt: – Eg har nokre løgne idear, seier han.

Ein av ideane er å krysse villsau med svartfjes. Slik har dei avla fram ein særegen sau. Ein motkultur Astrid trur me vil sjå meir av.

Jordbærpionér

Ikkje langt frå Jelsapresten sitt hovudsete, har familien Gjerde 30 dekar jordbær i tunnell. Siste investering er dyrkings-systemet, *Table top*. Jordbæra skal opp frå bakken, under tak og dyrkast i kokos.

– Det reduserer smittepresset for dei fleste sjukdommar, bortsett frå mjøldogg, seier Helge Gjerde.

Erstattar soya med fodder

– Dette må du sjå, seier Astrid, og parerer framfor eit heimesnekra driivhus hjå Rolf Henrik Tveit. Ein rask telefon, og bonden er på plass.

Rolf Henrik jakta ein erstatning for soya til utgrisen og Astrid føreslo fodder – modning av bygg, berre med lys, varme og vatn, utan jord. Bonden tok rådet på alvor. No er driivhuset på plass og byggkorn er i ferd med å modnast.

– Med fodder kan eg nytte 70 prosent av næringsverdien i kornet, mot berre 30 prosent utnytting i kraftfôr, seier Rolf Henrik. Astrid berre smiler.

Suldal, Finnmark og Zambia

Astrid var i det første agronomkullet ved vinterlandbruksskolen i Ryfylke.

Til for bonden: Astrid Brommeland gler seg til kvar dag på jobb. – Eg er privilegert som får jobbe med folk som vil noko, seier ho.



1



2



3



4



5

Optimisme i Ryfylke: Alle kjenner Astrid og bøndene skryt av rådgivaren sin. Ho finn pengar me ikkje visste om. Ho ser berre moglegheiter, ikkje avgrensingar, og er lett å be. Ho går utradisjonelle vegar og tør å prøve nye ting. – Hadde alle kommunar hatt ei Astrid, hadde det vore mykje satsing rundt om i landet, summerer Helge Gjerde. Bilete i nummerrekke: 1. Rolf Henrik Tveit. 2. Knut og Astrid Landsnes. 3. Jon Anders Tveit og faren Arnfinn Tveit. 4. Tore Hunseid-Birkeland, Kasper (lærling) og Cathrine. 5. Helge Gjerde.

Sidan vart det agroteknikk på Melsomvik i Vestfold, og høgskuleutdanning med fordjuping i reiseliv, matkultur og næringsutvikling.

Draumen om fiskestong, telt og uteliv gjorde at ho søkte seg til Finnmark. Først til Aust-Finnmark forsøksring, sidan som heradsagronom i Kvalsund.

– Eg stortreivst med folka og kulturen, men mørketida var krevjande, seier Astrid. Etter tre år flytte ho heim, men eventyrlysta var sterk. Ho drøymde om Afrika.

27 år gammal kom ho seg gjennom nål- auget hjå Fredskorpset og reiste på eit treårig oppdrag til Zambia. Vel heime, vart ho tilsett som jordstyreteknikar i Suldal kommune, den gong ei statleg stilling under fylkesmannen. Her har ho vore sidan, under ulike yrkestittlar, berre avbrote av tre nye år i Zambia.

Maleri, foto og anna kunst i stova speglar den afrikanske Astrid. Kwart bilete har ei historie om folk ho kjenner eller berre har møtt, i ein kvardag langt unna Suldal. Astrid vitjar sine afrikanske vener med jamne mellomrom. Ho finn mykje likt mellom Finnmark og Zambia.

– Folk er opne, artige og svært gjestfrie. Eg kjende meg heime både i nord og i Afrika, seier Astrid.

Planta i landbruket

– Versegod, forsyn deg no. I ein fart har Astrid klar lammekjøtt i kvit saus med grønnsaker og potet.

Astrid vaks opp med ti kyr, fire purker og tretti sauer på Brommeland i Sand i Ryfylke. Ho lærte om jorda, dyra og mattradisjonar. I matbua heng fenalår og skinke for langtidsmodning. Astrid ystar faste ostar og fetaost, og prøver seg på sider og øl. Ho er oppteken av kva me et og korleis maten vart produsert.

Rådgivaren jaktar kunnskap om jorda, om jordlivet. Ho snakkar varmt om meitemarken, bonden sin utryyttelege medarbeidar som ikkje alltid får så gode vilkår i moderne agronomi. Ho stikk fin-grane i jorda og fôrar jordlivet med sjølvprodusert kompost, og dyrkar fram planter og grønnsaker.

– Me gjer klokt i å hente fram gammal kunnskap og sjå korleis den kan nyttast i eit moderne landbruk, meiner Astrid.

Tradisjonsberar

– Orkar du eit besøk til? spør Astrid. Grytene er tomme. Klokkja er sju. Det er ein time å køyre. Klart eg orkar.

På Fjellgardane i Vikedal driv Tore Hunseid-Birkeland med grindverksbygg. Eit sauefjøs på 25x12 meter er klar til levering. 12 meter lange stokkar hogd i ei-

gen skog, ligg på tvers over dei 3,5 meter høge stavane.

– Me må få ned kostnadane på driftsbygningane, spesielt fjøsa, slår ho fast. Ho håper Narvebygget, som dei har kalla prosjektet, kan vere eit alternativ.

På tide å snu

Astrid er alltid på leit etter kunnskap, og vil skape og drive fram prosessar, både hjå seg sjølv, men ikkje minst i lag med andre.

– Mange syslar med tankar om å utvikle bruket. Min jobb er å hjelpe dei i gang, finne kontaktar og søke om støtte til finansiering.

Rådgivaren meiner å sjå at ting er i endring. Bøndene ser nye moglegheiter – det er lov å tenke nytt og annleis.

– Alt handlar ikkje lenger om volum. Det er bra. Landbruket må gå frå spesialisering til mangesysleri, seier Astrid. Ho vil gjerne motivere til å satse, men kjenner også på eit ansvar. Ho kan ikkje, og skal ikkje, oppmode til ufornuftige eller uførdige prosjekt.

– Korleis veit du at eit prosjekt er liv laga?

– Eg får ei magekjensle. Menneka er avgjerrande. Dei må vere ekte interessert, elles går det ikkje, seier Astrid.